

## Innspel til ny kulturmelding

Korleis ser norsk kulturliv ut om 20 år, er spørsmålet som kultur-Noreg har fått. Om 20 år har vi eit opent, vitalt, kreativt og inkluderande kulturliv. Vi har eit samfunn som ser verdien av mangfald i kulturuttrykka, og som har prioritert å motverke den marginaliseringa av smalare kunst- og kulturuttrykk som vi ser i media i 2018. Vi har eit samfunn som både er innovativt fordi det evnar å ta vare på tradisjonane våre, og setje dei inn i ei ny tid. Det er dette som gjev oss fundament til å drive innovasjon. Det er det som gjev oss identitet, og det er det som gjer at kulturlivet i 2038 er sterkare enn nokon gong.

For å få til denne framtidsvisjonen må vi ta vare på dei levande tradisjonane! Det er berre Noreg som kan ta vare på, og utvikle norsk tradisjonskultur. Ingen andre land er opptekne av våre song-, spel-, og dansetradisjonar. Ei bevisst satsing på folkekulturen, frå akkrivitetane idet lokale spelemannslaget, og opp til avgjerdstakarar i Regjering og Storting, er ein føresetnad for at den skal leve og utviklast.

Tradisjonsmusikken og dansen er dagleg under press. Til liks med andre smalare kulturuttrykk. Det ser vi tydeleg i eit mediemangfald som meir og meir marginaliserer kunst og kulturut, og særleg dei formene som ikkje passar inn i underhaldningsformatet. Det er absolutt ikkje noko gale med underhaldningskulturen, men er det viktig at kulturmeldinga gjev mangfaldet gode leve- og vekstvilkår. Det er eit fåtal kunst og kulturuttrykk som klarar seg heilt utan ulike offentlege stønadsordningar. Samstundes er desse svært viktige for å bygge lokalsamfunn og identitet.

## **Ole Bull Akademiets meiningar**

- Det må leggast til rette både økonomisk og praktisk for at folkemusikken og folkedansen får gode vekstvilkår i åra som kjem
- Smalare kulturuttrykk, også tradisjonsmusikken- og dansen er ein del av, treng synleggjering. Desse er viktige for eit kreativt mangfald.
- Folkemusikken treng gode arenaer der musikken og dansen kan få utfalde seg. Dette treng ikkje vere fysiske bygg, men snarare arenaer der det er naturleg å bruke tradisjonsmusikken og dansen. Døme her er konsertscener og lokale og regionale konsertarrangørar, konsertar/produksjonar for barnehagar, skular og eldre.
- Vi må ta vare på tradisjonshandverka! Det er viktig å styrke arbeidet med dei gamle handverkstradisjonane, og for folkemusikken sin del er det viktig å få lært opp fleire gode hardingfelemakarar i åra som kjem. Gode utøvarar treng gode hardingfelemakarar! Det gjer også kulturskular, amatørar, og born og ungdommar som skal føre tradisjonen vidare.
- Ein må satse på kulturskulane, og gje dei gode vekstvilkår. Det er også viktig for folkemusikken og folkedansen
- Gode stipendordningar og stønadsordningar er viktige også for folkemusikarar, og utøvande folkemusikarar og dansarar som har levelege økonomiske vilkår er svært viktig dersom vi skal få synleggjort og utvikla tradisjonskulturen vår også dei neste 20 åra.

I ei verd i endring er det desto viktigare at politiske avgjerdstakar tek med seg nok historisk innsikt i avgjerdsprossane. Små endringar i vegval kan få store konsekvensar for kultur- Noreg. Positiv eller negativt. Ei heilskapleg kulturmelding må balansere privat initiativ og verksemd med offentleg støtta kulturopplevingar. Det vil alltid vere ein diskusjon om kva som bør ha offentleg stønad, og kva som kan klare seg utan. Folkemusikken og folkedansen har i dag ikkje stor kommersiell tyngd. Fram til dette eventuelt skulle endre seg, er vi avhengige av gode stønadsordningar for å gje publikum gode opplevingar tilbake, og ikkje minst: bygge nytt publikum.

## Vegval

Fyrst og fremst bør ei kulturmelding sikre eit rikt kulturmangfald, der smalare uttrykk også får kome til orde. Ved å gje gode stipendordningar til utøvande og skapande kunstnarar oppstår det mykje spanande kunst- og kulturopplevingar. Ved å gje gode stønadsvilkår til lokale og regionale arrangørar sikrar ein konsertscene, galleri og framsyningsarenaer også på mindre stader i Distrikts-Noreg. Ei kulturmelding bør også seie noko om korleis vi byggjer publikum i åra som kjem. Kultur utan publikum vekkjer ikkje nokon, skapar korkje glede eller provokasjon. Då blir kulturen utan sprengkraft, og eit samfunn i endring treng kulturell sprengkraft. Vi treng meir kultur inn i skulen. I dag må ein ha fire i matematikk for å studere til lærar, men det er ingen som snakkar om kompetansekrav i praktisk- estetiske fag. Dermed er det svært ulik kvalitet på den opplæringa som skjer i skulen. Grunnskulen er staden der alle born må være, uavhengig av foreldra sin økonomi. Der treng dei også å møte kultur. Dei treng også høg pedagogisk kompetanse i praktisk estetiske fag. Håpet er difor at vasstette skott mellom ulike departement dei neste 20 åra blir bygde ned, slik at meir kultur kan kome inn i skulen. Vi er heilt avhengig av dette for å få fantasifulle, oppfinnsame born og unge!

Vegval kan også øydelegge det som har blitt bygd opp over år. Eit av dei mest dramatiske politiske vegvala for folkemusikken og folkedansen har i så måte vore nedlegginga av Rikskonsertene, fyrst kveldskonsertordninga i 2010, og så skulekonsertordninga i 2017. Det er dei store, riksdekkande institusjonane som stadig er under press, og blir truga med fragmentering og oppsplitting.

Nedlegginga av Rikskonsertene er kanskje det svartaste kapittelet såleis. Fyrste skaden var nedlegginga av kveldskonsertordninga. Dette var ei ordning som sendte konsertproduksjonar med musikarar frå mange sjangrar og land ut i distrikts-Noreg. Etter kveldskonsertordninga fall frå, får vi aldri meir realisert produksjonar som t.d. *Frå Setesdal til Senegal*, eller at eit spent publikum kan gå på konsert med *Det norske kammerorkester og Leif Ove Andsnes*. I Vågå kulturhus. Slike produksjonar er det ikkje bedriftsøkonomisk grunnlag for å lage. Det er trist for innbyggjarane i Vågå og andre kulturinteresserte kommunar. Det er også synd at vi ikkje har nokon til å lage produksjonar vi som publikum ikkje visste at vi hadde behov for. Det stod ingen private konsertarrangørar som hadde

korkje vilje eller finansielle musklar til å utvikle nye konsept, og få desse ut på turné til små stader. Ein kulturpolitikk som gjev eit tilbod til både by og land også i 2038 krev nokre modige politiske avgjerder. Blir ikkje desse tekne, blir skilnadane mellom t.d. Finnmark og Agder kontra Oslo berre større og større. Det byggjer ikkje tilhøyrgheit.

Nedlegginga av Rikskonsertene si skulekonsertordning betydde slutten på ein heilskapleg kulturpedagogisk tanke. I staden er den erstatta med tilfeldig regional, og til dels, lokal programmering. Folkemusikken kan i ytste konsekvens bli svært skadelidande i ein konkurranse med andre, meir populære eller sterkare profilerte uttrykk. Dette er eit eksperiment som kan gje eit vesentleg dårlegare tilbod til born og unge i åra som kjem. At institusjonar bør endrast og justerast er heilt naturleg. Å ta vekk den viktigaste konsertarrangøren var derimot direkte uklokt. Særleg vart dette uheldig for mange folkemusikarar som har misst ein viktig arbeidsgjevar.

### **Ansvarsfordeling i kultur-Noreg**

All fragmentering og oppsplitting er uheldig for dei smale kunst- og kulturfelta. Vi treng sterke institusjonar, som Norsk kulturråd, som Rikskonsertene, som Riksteateret, for at lokalt kulturliv kan blomstre. Så må det lagast lokale og regionale plandokument, med påfølgjande stønadsordningar som gjev friviljuge lag og organisasjonar gode vekstvilkår. Men desse får det ikkje betre ved at sentrale institusjonar blir pulverisert. Det er lite framtidsretta å splitte opp eksisterande fagmiljø med svakare, regionale nivå. Nokre tankar bør tenkast stort, og må gjelde for heile landet. Om alle store fagmiljø alltid skal ligge i Oslo er ein annan diskusjon. Ole Bull Akademiet meiner at dersom institusjonar skal flyttast ut av Oslo, er det viktig at heile fagmiljøet i så fall blir flytt, og ikkje splitta opp. Oppsplitting fører til mindre heilskapstenking og svakare og meir ulik kulturpolitikk.

### **Regionalt nivå**

Regionane har også i dag viktige oppgåver når det gjeld å leggje til rette for regionalt kulturliv. Regionalt nivå bør også i framtida ha stønadsordningar som kjem lokalt og regionalt kulturliv til gode. Desse midlane bør alltid kome *i tillegg* til sentrale stønadsordningar. Ikkje som ei erstatning.

## **Lokalt nivå**

Lokale kulturmidlar er viktige for å utvikle den lokale kulturen. Lokale kulturkroner kjem tett på brukarane, og er heilt naudsynte for å skape engasjement og kreativitet i lokalmiljøet.

## **Det gode samspelet**

Samspelet som har vore mellom lokale, regionale og statlege kulturmidlar har resultert i mykje god og spanande kulturproduksjon rundt i Noreg. Dersom denne tredelinga no står for fall, kan dette få alvorlege konsekvensar for festivalar, organisasjonar og institusjonar som har både eit lokalt, eit regionalt og eit nasjonalt perspektiv. Nasjonalt viktig kultur kan også bli produsert utanfrå Oslo...

Ole Bull Akademiet ser optimistisk på framtida til kulturlivet. Vi er ein institusjon som bevisst brukar tradisjon og historie for å formidle eit levande, kulturuttrykk både for samtida og framtida. Gjennom formidlinga av tradisjon ønskjer vi innovasjon, og bruke folkemusikken og dansen som eit samtidsuttrykk i 2018. Det ønskjer vi sjølvsagt å gjere i 2038 også!

## **Konklusjon og oppsummering**

Vi ønskjer oss rett og slett ei kulturmelding som er som Ole Bull Akademiet: Ei framtidsoptimistisk og innovativ kulturmelding som skisserer korleis kulturen kan brukast til å bygge og utvikle samfunnet vårt til beste for alle innbyggerane. Til det treng vi tradisjons- og historiekunnskap, og evna til å ta med tonane frå generasjonane før oss, og la dei klinge saman med nye, ukjende tonar. Då oppstår det nye klanger og nye opplevingar. Gjer ein dette, ser det lyst ut for dei neste 20 åra. *Det* blir ei god kulturmelding!

Voss, den 12. februar 2018

Med venleg helsing



Jo Asgeir Lie

Rektor, Ole Bull Akademiet